

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 18.02.2016

Vedtak

I samband med RS 1/16 «Førebuing til sak om folkehelseoversikt for Hordaland 2015-2019» orienterte spesialrådgjevar Aina Haugstad om regionalavdelinga sitt arbeid med folkehelseoversikt for Hordaland. Fylkeseldrerådet tok orienteringa til etterretning og oppmoda samstundes til at ein i dette arbeidet ikkje nyttar «eldrebølja» som omgrep for at talet på eldre er aukande i befolkninga.

I samband med RS 2/16 «Status Klinikstruktur Tannhelse Hordaland» var medlemene i fylke samde om å understreke det som står i rådet si opphavlege høyringsfråsegn der ein går inn for bruk av ambulerande tannhelsetenester, noko som kan koma både dei eldre og born/unge ved at ein ikkje treng å reise lengre avstandar når klinikkar vert nedlagde.